

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/1142-2

Søknad om støtte til restaurering av Kinn kyrkje

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Søknad om økonomisk støtte til restaurering av Kinn kyrkje for 2018 vert avslått.
2. Søknad vert vurdert på nytt i samband med handsaming av fylkeskommunen sitt budsjett for 2019.

Vedlegg:

Søknad om støtte til restaureringsprosjekt – Kinn kyrkje, av 1. februar 2018 frå Flora kommune

Andre relevante dokument i saka:

Forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven

Rapport: Kinn kyrkje Flora kommune, tilstandsanalyse desember 2016 av Forsvarsbygg

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kinn kyrkje har i dag behov for ei omfattande istandsetjing og Flora kommune har fått utarbeidd ein rapport som syner omfanget og kostnadane med prosjektet. På bakgrunn av denne rapporten har Flora kommune søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om eit tilskot på kr. 5 000 000,- til istandsetjing av mellomalderkyrkja på Kinn.

Forvaltninga av alle bygningar frå mellomalderen er lagt til Riksantikvaren, og fylkeskommunen har ikkje noko formelt forvaltningsansvar knytt til desse byggverka. Vi har heller ikkje midlar som er sett av til denne typen tilskot.

2. Bakgrunn for saka

Kinn kyrkje

På landsbasis finst det forholdsvis få bevarte steinkyrkjer frå mellomalderen. I Sogn og Fjordane er det bevart til saman sju ståande mellomalderkyrkjer i stein, Vereide kyrkje i Gloppen (1100-talet), Kvamsøy kyrkje i Balestrand (1280-1300), Hove kyrkje i Vik (ca. 1170), Vangen kyrkje i Aurland (1200-talet), Leikanger kyrkje på Leikanger (ca. 1250), Dale kyrkje i Luster (ca. 1240) og Kinn kyrkje (ca. 1150) i Flora kommune.

Kinn kyrkje ligg på øya Kinn ytst i havgapet. Kyrkja på Kinn kan knytast til legenda om St. Sunniva. I fylje tradisjonen var det Borni, systera til Sunniva, som fekk bygd kyrkja på kinn. Borni skal ha budd i ei hole i fjellsida rett sør for kyrkja. Dette saman med plasseringa av Kinn

kyrkje i skipsleia gjer at kyrkja har fungert som eit mål for pilegrimar. På 1600-talet var Kinn hovudkyrkje med annektskyrkjer i Bremanger og på Svanøy og fram til 1863 bestod Kinn prestegjeld av sokna Kinn, Eikefjord, Svanøy og Bremanger. Opphavleg låg prestegarden på Kinn men den vart seinare flytta til Skorpa. Etter etableringa av byen Florø og bygginga av Florø kyrkje i 1881 vart hovudkyrkja i soknet flytta frå Kinn til Florø.

Kyrkja er ei langkyrkje i stein utført i romansk stil, med vindauga og dører med rundbogeform. På tradisjonell måte var koret det første byggetrinn og vart sannsynlegvis reist ca. 50 år før skipet. Kyrkja har gjennomgått ulike istandsetjingar, ein av dei mest omfattande var i 1869 då det vart gjort ein del endringar på kyrkja. Den neste store restaureringa var i 1911-12 og då vart endringane frå den førre istandsetjinga i stor grad reversert slik at kyrkja fekk tilbake mykje av sin mellomalderutsjånad. På 1960-talet vart det igjen gjennomført ei restaurering av kyrkja, denne gongen vart kyrkja kalkpussa innvendig og det kom eit nytt orgel.

Behov for istandsetjing/skadeomfang

Mellomalderkyrkja på Kinn har over lengre tid hatt behov for ei omfattande istandsetjing. Flora kommune har engasjert Forsvarsbygg til å lage ein tilstandsrapport som dokumenterer behovet for istandsetjing og eit kostnadsoverslag for denne istandsetjinga. Kyrkja er i dag prega av at inner- og ytterveggane har fuktskadar og nedfall av puss og mørtel, vidare er det behov for mykje vedlikehald på golv, vindauga, dører og takkonstruksjonar.

I fylje forsvarsbygg sin rapport er det viktigaste tiltaket ein kan gjere å få kontroll på fuktinntak via murverket. Dei rår her til at all nedbroten mørtel i utvendig puss og fuger vert fjerna/krassa ut. Eldre kalkmørtel som er i god stand, både i pussrester og i fuger, skal bevarast i størst mogleg omfang. Vidare må seinare reparasjonar med sementmørtel fjernast. Ventilering av krypkjellar er eit anna tiltak som må vurderast. Det er her mogleg at dei fire eksisterande sjaktene ikkje er tilstrekkeleg. Her bør tilstanden til golvkonstruksjonen vurderast nærare og eventuell fuktmålingar føretakast før ein konkluderer med kva løysing som skal veljast.

For meir detaljert informasjon om skadeomfang og tiltak til utbetring syner fylkesdirektøren til Forsvarsbygg sin rapport Kinn kyrkje Flora kommune, tilstandsanalyse 2016.

Kostnadar ved tiltaket

Forsvarsbygg har kostnadsrekna istandsetjinga til kr. 14 490 000,- og i kommunen si budsjettering er dette oppjustert til kr. 14 702 000,-. Kostnadane skal dekke restaurering, rigg, prosjektering og byggeleing. Flora kommune har i sin økonomiplan lagt inn kr. 7 702 000,- til dette prosjektet. For å fullfinansiere prosjektet søkjer Flora kommune no Riksantikvaren om kr. 2 000 000,- og Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr. 5 000 000,-. Vidare opplyser dei om at tilskota kan kome over fleire år.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkeskommunen hadde den 12. desember 2017 møte med Flora kommune om istandsetjingsprosjektet. Der vart fylkeskommunen orientert om tilstanden på kyrkja og planane for istandsetjing. I dette møtet gav fylkeskommunen uttrykk for at vi synes det er eit svært viktig prosjekt, men det vart og presisert at fylkeskommunen i utgangspunktet ikkje har avsett midlar til restaurering av til dømes mellomalderkyrkjer. Vidare var vart det informert om at det kan vere aktuelt å kome med støtte til «randsoneprojekt» knytt til restaureringa (til dømes oppbygging av kompetanse, tilknytning til kystpilegrimsleia, reiseliv m.m.). Fylkeskommunen var og positive til å vere med på å fremme dette prosjektet ovanfor overordna organ og eventuelt andre samarbeidspartnarar, til dømes Riksantikvaren. Samt at det kan vere interessant å fremje dette prosjektet som eit kompetansebyggingsprosjekt for lokale handverkarar, firma og offentlege organ. Nærings- og kulturavdelinga kan og hjelpe til med å finne fram til fond og andre bidragsytarar til prosjektet.

Sjølv om fylkeskommunen ikkje har avsett midlar til restaurering av mellomalderkyrkjer gav Flora kommune uttrykk for at dei likevel ville sende ein søknad om økonomisk støtte til prosjektet. Denne søknaden vart sendt fylkeskommunen 1. februar 2018 og er grunnlaget for at saka vert fremja.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fagleg ansvarsfordeling for kulturminna

Den faglege ansvarsfordelinga for kulturminna er delt mellom stat, fylkeskommune og kommune, og er regulert gjennom Forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven. I denne forskrifta er forvaltningsansvaret for kulturminna frå mellomalderen lagt til Riksantikvaren. Dette ansvaret omfattar mellom anna ansvaret for steinkyrkjene frå mellomalderen som til dømes Kinn kyrkje. Fylkeskommunen har ikkje noko delegert ansvar for forvaltninga av kulturminne frå mellomalderen. Ansvaret for kyrkjesaker er heller ikkje med i dei sakene som no vert drøfta overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane.

Fleire av mellomalderkyrkjene i landet har behov for istandsetjing i større eller mindre grad. Då det i kulturminnedatabasen Askeladden ikkje ligg inne tilstandsgrad for mellomalderkyrkjene i Sogn og Fjordane har ikkje fylkesdirektøren oversikt over behovet for istandsetjing av desse bygga. Vi må likevel forvente at det vil vere ulike gradar av behov for istandsetjing/restaurering av desse kyrkjene. Ei tildeling av tilskot til restaurering av Kinn kyrkje vil kunne skape forventingar om at fylkeskommunen skal yte tilskot til restaurering av dei seks andre mellomalderkyrkjene i fylket.

Vurdering av innkomen søknad

Flora kommune har gjort eit grundig forarbeid til prosjektet og fått utarbeida ein omfattande rapport som syner skadeomfanget på Kinn kyrkje. I tillegg tek rapporten med kva tiltak som har behov for ytterlegare utgreiing. Fylkesdirektøren vurderer det slik at rapporten gjev eit godt grunnlag for det arbeidet som skal gjennomførast på Kinn kyrkje og at den har klare prioriteringar for kva tiltak som gjev den største effekten.

Rapporten har kostnadsrekna tiltaka som er anbefalt gjennomført og det er lagt inn ein post for uførutsette utgifter på 15 % av totalkostnadane. Istandsetjingsprosjekt på freda/verneverdige bygningar har alltid eit usikkerheitsmoment når det kjem til omfanget av skadar og kostnadar med istandsetjinga. I rapporten frå Forsvarsbygg vert det peika på fleire tiltak som ikkje er kartlagde, i tillegg er det ikkje lagt inn budsjett for istandsetjing av taket, då dei 2016 vurderte at det ikkje var nødvendig. Likevel omtalar rapporten at skifersteinen har dels dårlege fester og at enkeltstein fell ned etter hardt vær. Rapporten anbefalar at innan få år bør taket leggest om ved at all skifer vert tatt ned og lagt til bake med forsvarleg innfesting. Dette tiltaket er ikkje med i kostnadsramma i søknaden frå Flora kommune.

Ut i frå fylkeskommunen si erfaring med istandsetjing av freda bygningar vurderer fylkesdirektøren at moglegheita for at kostnadane med istandsetjinga vil auke utover oppsett budsjett er stor. Ein auke i kostnadane ved prosjektet vil kunne føre til ei forventning om ytterlegare tilskot utover denne søknaden, dersom fylkeskommunen går inn med midlar i prosjektet.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Då fylkeskommunen ikkje har noko forvaltningsansvar for mellomalderkyrkjene har vi heller ikkje nokon post på budsjettet for vedlikehald/restaurering av desse. Fylkeskommunen har heller ikkje eigne tilskotsmidlar for istandsetjing av verneverdige bygningar av regional kulturhistorisk verdi som vi har eit forvaltningsansvar for.

Då fylkeskommunen ikkje har ein eigen tilskotspost for istandsetjing av mellomalderkyrkjer, og grunna den store søknadssummen, er det fylkesdirektøren si vurdering at søknaden om økonomisk støtte må avslåast. Dersom det likevel skal gjevast eit tilskot til dette prosjektet må det sjåast i samanheng med budsjettarbeidet for 2019. Fylkesdirektøren vil følgje opp og støtte Flora kommune i dialogen med Riksantikvaren og prøve å påverke at dei tek ein større del av kostnadane ved tiltaket enn dei omsøkte kr. 2 000 000,-. Dette på bakgrunn av at det er Riksantikvaren som har forvaltningsansvar for mellomalderkyrkjene og dei kan i enkelte tilfelle gje støtte til istandsetjingstiltak.

Sjølv om Kinn kyrkje ikkje er fylkeskommunen sitt ansvarsområde er kyrkja eit svært verdifullt kulturminne. Fylkesdirektøren finn det difor positivt at Flora kommune no startar opp arbeidet med restaurering av kyrkja. Dersom hovudutvalet likevel ynskjer å bidra økonomisk til istandsetjinga av Kinn kyrkje må det etter fylkesdirektøren si vurdering sjåast i samanheng med fylkestinget si handsaming av budsjettet for 2019.

4. Konklusjon

Fylkeskommunen har ikkje forvaltningsansvar for mellomalderkyrkjene og vi har heller ikkje nokon egne tilskotsmidlar til verneverdige bygningar. Fylkesdirektøren rår til at søknaden vert avslått no, likevel slik at om hovudutvalet ynskjer å støtte tiltaket økonomisk må det, grunna storleiken på omsøkt sum, vurderast i samband med fylkeskommunen sitt budsjett for 2019.

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.